

Meir informasjon:

Fullstendig melding med framlegg om utgreiingsprogram, meir detaljerte kart og anna informasjon ligg på NVE og Statnett sine nettsider. Dokumenta vil også vere tilgjengelege på rådhuset i dei aktuelle kommunane under høyringsperioden.

Spørsmål om høyring og saksgang kan rettast til sakshandsamar i NVE, informasjon om meldinga og vidare arbeid kan rettast til Statnett eller leites opp på nettsidene våre:
www.statnett.no/Nettutvikling/Haugalandet-nettforsterking/

Eller NVE sine nettsider

Høyringsfråsegner i saka skal sendast til:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Epost: nve@nve.no

Sakshandsamar i NVE

Solveig Willgohs

Tel. 22 95 92 45

Kontaktpersonar i Statnett

Bente Rudberg

Prosjektleiar
Tel. 907 50 280

Ellen Torsæter Hoff

Rådgjevar, areal- og miljø
Tel. 411 76 185

Tore Kim Lunde

Grunneigarkontakt
Tel. 913 40 716

Tor Inge Akselsen


Kommunikasjon og
samfunnskontakt
Tel. 950 79 520

Statnett

Statnett

Haugalandet Nettforsterkning

Ny 420 kV – leidning til Haugalandet
frå Blåfalli eller Sauda




Nytt industriforbruk gjer det naudsynt med ny sentralnettsleidning til Haugalandet



Haugalandet er eit område med mykje industri, lite kraftproduksjon og liten nettkapasitet. Rundt 70 prosent av forbruket er industriforbruk som er stabilt høgt over døgnet og året, og som er sårbart for straumavbrot. Det er nå fleire planar som vil gje stor auke i industriforbruket på Haugalandet i løpet av få år. Dette utløyser krav om tiltak i straumnettet.

Statnett har tidlegare gjort ei konseptvalgutgreiing (KVU) av ulike alternativ for å løyse behovet, der ein ny leidning frå aust stod fram som det beste. Meldinga som no er på høyring, viser fleire alternative kraftleidningstraséar mot Håvik på Karmøy.

To utgangspunkt er aktuelle;

- Blåfalli koblingsstasjon inst i Matersfjorden i Kvinnherad kommune
- Sauda transformatorstasjon i Sauda kommune





Målet med meldinga er å gi rettshavarar og styresmakter tidleg informasjon om planane.

Høyringsinstansane kan dermed uttale seg om dei alternativa som er foreslått, og eventuelt foreslå andre løysingar.

I meldinga gjer Statnett framlegg om forhold som må greiast ut før ein søknad om konsesjon, mellom anna:

- Landskapsbilete
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv og ferdsel
- Reiseliv og turisme
- Naturmiljø og naturmangfald
- Jord-, skog- og beitebruk
- Annan arealbruk

Fakta

- Det må byggast omkring 80 km ny kraftleidning med 420 kV spenning
- Transformatorstasjonar i aust må utvidast for å ta imot ny leidning, og det er gjort framlegg om ein mogleg ny transformatorstasjon i Gismarvik
- Terreng og busettingar omkring eksisterande kraftleidningar gjer det vanskeleg å byggje i parallell. Framlagte traséar går til dels i parallell med noverande leidningar, og til dels i nye traséar.
- Traséforslaga går gjennom 6 kommunar: Karmøy, Tysvær, Vindafjord og Sauda i Rogaland fylke, og Etne og Kvinnherad i Hordaland fylke.
- Kostnadane kan komme opp mot 1900 millionar kroner
- Framdrift: Konsesjonssøknad 2018, medan bygging av leidningen heng saman med industriplanane

